

FJELLNETTVERKET



FJELLNETTVERKET
FJELLINETTVERKET

ÅRSRAPPORT

For levande og livskraftige
fjellbygder



INNHOLD

03 Om Fjellnettverket

11 Regional- og
nasjonalpolitiske sakar

19 Kunnskap om fjellområda

26 Deltakar i internasjonale
samarbeid

28 Eigne prosjekt og tiltak

OM FJELL- NETTVERKET

VISJON

Levande og livskraftige fjellbygder

FORMÅL

Fjellnettverket er eit politisk nettverk, som skal vere pådrivar for ein politikk som sikrar at ressursar og verdiar i fjellområda gir grunnlag for utvikling og trivsel i fjellområda i Noreg.

STRATEGIAR

Fjellnettverket skal vere ein aktiv deltakar og leverandør i regional- og nasjonalpolitiske diskusjonar

Fjellnettverket skal formidle kunnskap om fjellområda

Fjellnettverket skal delta aktivt i internasjonalt samarbeid.

Fjellnettverket kan iverksette eigne prosjekt og tiltak





MEDLEMMAR

Fjellnettverket hadde desse medlemmane i 2024:

Fylkeskommunar:

- Buskerud fylkeskommune
- Innlandet fylkeskommune
- Trøndelag fylkeskommune
- Telemark fylkeskommune

Regionråd:

- IPR Nord-Østerdal
- Midt-Gudbrandsdal IPR
- IPR Nord-Gudbrandsdal
- Lillehammer-regionen IPR
- Regionrådet for Hallingdal
- Setesdal IPR
- Regionrådet i Valdres IPR
- Vest-Telemarkrådet

Kommunar:

- Krødsherad kommune
- Nore og Uvdal kommune
- Rollag kommune
- Røros kommune
- Tinn kommune
- Vinje kommune
- Sigdal kommune



RÅDET

Rådet er Fjellnettverkets øverste organ. Det er medlemmene som oppnemner representantar med personlege vararepresentantar til rådet. Funksjonstida er fire år. Oversikta viser rådet for perioden 2023 - 2027.

Fylkeskommunar

- Innlandet fylkeskommune: Hanne Velure (H) og Olav Røssum (Sp)
- Trøndelag fylkeskommune: Oscar Tørres Lindstad (Ap) og Kari Anita Furunes (Sp)
- Telemark fylkeskommune: Hilde Alice Vågslid (Ap) og Jan Egil Weiseth (SV)
- Buskerud fylkeskommune: Lavrans Kierulf (FrP) og Anne Kristine Norman (Sp)

Interkommunale politiske råd

- Lillehammer-regionen IPR: Anette Musdalslien (Sp) og Geir Tore Land (Ap)
- IPR Nord-Østerdal: Kristin Langtjernet (Ap) og Linda Døsen Stubsvæen (Ap)
- Midt-Gudbrandsdal IPR: Anne Marie Olstad (Ap) og Arne Fossmo (Ap)
- IPR Nord-Gudbrandsdal: Kristian Frisvold (Bygdelista) og Mariann Skotte (Sp)
- Regionrådet i Hallingdal: Solveig Vestenfor (Ap) og Pål Rørby (Sp)
- Setesdal IPR: Inger Lise Lund Stulien (Ap) og Hans Blattmann (Ap)
- Regionrådet i Valdres IPR: Marit Hougsrud (Sp) og Bjarne Budal (Ap)
- Vest-Telemarkrådet: Solveig Sundbø Abrahamsen (H) og Tarjei Draugedal (KrF)

Kommunar:

- Krødsherad kommune
- Nore og Uvdal kommune
- Rollag kommune
- Røros kommune
- Tinn kommune
- Vinje kommune
- Sigdal kommune

STYRET

I styret er det ein representant frå kvar fylkeskommune og fire representantar frå kommunane/regionråda.

Styreleiar og nestleiar blir valde for ein periode på to år.

Styret i Fjellnettverket har hatt fire styremøte og handsama 39 saker.



Styreleiar:
Anne Kristine Norman (Sp)
Buskerud fylkeskommune



Nestleiar:
Christian Elgaaen (Sv)
Røros kommune



Hilde Alice Vågslid (Ap)
Telemark fylkeskommune



Guri Heggem (Sp)
Trøndelag fylkeskommune



Iselin Haugo Stavn (H)
Buskerud fylkeskommune



Hanne Alstrup Velure (H)
Innlandet fylkeskommune



Ole Tvete Muriteigen (Sp)
Midt- Gudbrandsdal
interkommunale politiske råd




Hans Blattmann (Ap)
Setesdal interkommunale
politiske råd

Varamedlemmar til styret i prioritert rekkefølge:

1. Lavrans Kjerulf (Buskerud fylkeskommune)
2. Jon Gunnes (Trøndelag fylkeskommune)
3. Jørjan Ødegård Lunde (Regionrådet i Valdres - IPR)
4. Martin Været (Innlandet fylkeskommune).
5. Jan Egil Weiseth (Telemark fylkeskommune)
6. Inger Lise Lund Stulien (Setesdal IPR)

MEDLEMMAR I FJELLNETTVERKET

Fjellkommunene som er medlem av Fjellnettverket er markert med gult og lysebrunt i kartet.



ADMINISTRATIV GRUPPE

Alle medlemmane i Fjellnettverket har ein administrativ representant. Dei administrative kontaktane har ansvaret for å formidle aktuelle saker frå Fjellnettverket inn i sin organisasjon å kome med innspel til saker og arbeid i Fjellnettverket.

- Buskerud fylkeskommune: Hilde Beate Aarø
- Innlandet fylkeskommune: Torunn Kornstad Telemark fylkeskommune: Anne Skaug Nisi
- Trøndelag fylkeskommune: Turid Helene Vollmo
- IPR Nord-Østerdal: Silje Frogner Tangen Regionrådet for Hallingdal: Jan Olav Hellings
- IPR Nord-Gudbrandsdal: Frode Damstuen
- Midt-Gudbrandsdal IPR: Irene Teige Killi
- Vest-Telemarkrådet: Anne Aasmundtveit
- Valdres Natur- og Kulturpark: Bente Lindahl
- Setesdal Regionråd: Rita Hansen
- Lillehammer-regionen IPR: Henning Holmbakken
- Krødsherad kommune: Ellen Anne Svartbrenna Bye
- Rollag kommune: ikkje oppnemnt
- Tinn kommune ikkje oppnemnt
- Vinje kommune: Thor Christiansen
- Nore og Uvdal kommune: Målfrid Toeneiet
- Sigdal kommune: Gunvor Synnøve Green
- Røros kommune: Mikael Schärer



SEKRETARIAT

Sekretariatet i Fjellnettverket har kontor på

Reiselivssenteret på Geilo. I 2024 har

Fjellnettverket hatt to tilsette:

- Kari Randen, dagleg leiar
- Elin Halland Simensen, prosjektleiar for mat og reiseliv.

Buskerud fylkeskommune har hatt det administrative ansvaret, og bidrog med tenester som rekneskapsføring, IKT og nettløysingar. Frå 1.1. 2024 høyrer Fjellnettverket administrativt til Buskerud fylkeskommune.

AKTIV DELTAKAR OG LEVERANDØR I REGIONAL- OG NASJONALPOLITISKE DISKUSJONAR

Fjellnettverket har engasjert seg i saker i regional og nasjonal politikk som er viktige for fjellområda og medlemmane. I løpet av året har Fjellnettverket arbeidd med ulike saker for å fremje fjellområda sine interesser.





INNSPEL TIL JORDBRUKSFORHANDLINGANE

Fjellnettverket sendte innspel til jordbruksforhandlingar i 2024, der me oppfordra til å ta vare på fjelljordbruket.

Fjellnettverket la i innspelet vekt på at jordbruket i fjellområda er kjenneteikna av små og mellomstore bruk. Samla høyrer 20 prosent av alle aktive gardsbruk heime i våre område. På fjellgardane finn vi 22 prosent av alle landets mjølkekyr og ein tredel av alt storfe og all sau på utmarksbeite. Produksjonen er prega av kort vekstsesong og bruk av utmarksbeite. Dette gir mogelegheit for matproduksjon av høg kvalitet, men gjer det utfordrande å drive økonomisk lønnsamt. Lange vintrar og snødekkje bidreg til å halde sjukdommar unna planter og husdyr. Dei siste tiåra med effektivisering og nedgang i talet på gardsbruk har hatt svært negativ effekt på fjellområda.

Fjellnettverket meinte det var naudsynt å ha ein politikk som gir gode inntektsmogelegheiter på små og mellomstore bruk, og held gardar og jord i drift over heile landet.

Fjellnettverket meinte at årets jordbruksoppgjer spesielt burde prioritere:

- Inntektsløft og inntektsgapet må tettast. Næringsutøvarar i landbruket må ha same inntektsmogelegheiter som andre yrkesgrupper. Små og mellomstore bruk bør prioriterast.
- Det må giast full kostnadsdekking for auka kostnader innanfor landbruket.
- Med krav om dyrevelferd og mål om klima og miljøtilpassingar til landbruket, må Landbrukets utbyggingsfond (LUF) styrkast
- Styrke fjellandbruket gjennom å auke tilskotet til bruk av utmarksbeite og bratt areal, prioritere grasbaserte produksjonar og auke fjellandbruksatsinga.

Lenke til sak på nettsida til Fjellnettverket:

[Innspel til jordbruksforhandlingane - Fjellnettverket](#)



FORSLAG TIL NYE STATLEGE PLANRETNINGSLINER FOR AREALBRUK OG MOBILITET

I mars sendte regjeringa ut forslag til nye retningsliner for arealbruk og mobilitet på høyring. I høyringssvaret fokuserte Fjellnettverket på at det er heilt nødvendig og svært positivt at forslaget differensierer mellom regionar med større byar og distriktsområde.


Kommunane kjenner godt eigne lokalsamfunn. At ansvaret for arealpolitikken er lagt til folkevalde på lokalt nivå gjer at det er god demokratisk kontroll for dei innbyggjarane som endringar får sterkest følgjer for. Difor er det viktig at retningslinene gjer det mogeleg for kommunane å bruke lokalt skjønn.

Fjellnettverket kommenterte i høyringssvaret fleire konkrete punkt i forslaget og la vekt på at det bør kome tydeleg fram at kommunane skal kunne gjere lokale tilpassingar. Fjellnettverket meinte det var positivt for utvikling av bygdene i fjellområda at det opnast for spreidd bustadbygging i område som er avsett til landbruks-, natur- og friluftsformål.

Fjellnettverket meiner det er sentralt at retningslinene opnar for at kommunane kan bestemme kvar bustader og bustadfelt skal lokaliserast, og at dette burde gjerast tydeleg.

Lenke til sak på nettsida til Fjellnettverket:

[Forslag til nye statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet - Fjellnettverket](#)



FORSLAG TIL NY MOTORFERDSELOV

Regjeringa la fram NOU 2024:10 Ny motorferdselslov på høyring. Fjellnettverket støtta prinsippet om at avgjerder knytt til motorferdsel bør skje lokalt. Balansen mellom næringsliv, natur og lokalbefolkning blir best når forvaltinga skjer lokalt. I høyringa kommenterte Fjellnettverket punkt 20.3.4.3, der det sto at adgangen til å gi dispensasjon for bruk av beltebil bør fjernast.

Fjellnettverket meinte at forslaget om å avskaffe tilgangen til persontransport med beltebil vil slå negativt ut for fjellområda, og spesielt for reiselivsnæringa i fjellet.

- 1) Beltebil i fjellet er ein del av historia og kulturhistoria i fjellområda fleire stader. Beltebilane har lenge vore ein viktig del av kulturarven og har spelt ei sentral rolle i å sikre trygg og miljøvennleg transport i område med krevjande vinterforhald.
- 2) Beltebil er mellom anna på Eidsbugarden ein del av kollektivtilbodet, og gjer det mogeleg for besökande og tilreisande å bruke beltebil som transport for å oppleve friluftslivet i fjellet.
- 3) Bruk av beltebil er ein sentral del av drifta til nokre få, men viktige reiselivsaktørar i fjellet. Fjellnettverket fryktar at ei slik endring kan ha negative konsekvensar for reiselivsnæringa, som er avhengig av denne transportforma. Det vil òg kunne få negative konsekvensar for miljøet, då alternativet med vinterbrøyta veg vil vere meir belastande for naturen.

Lenke til sak på nettsida til Fjellnettverket:
[Forslag til ny motorferdsellov - Fjellnettverket](#)



INNSPEL TIL MARKNADSFØRING AV FRILUFTSLIV

På bakgrunn av innspel frå medlemmane tok Fjellnettverket kontakt med Innovasjon Norge for å uttrykke uro over deira planlagde satsing på friluftsliv. Me tok opp at dette ikkje var godt nok forankra i reiselivsnæringa lokalt eller i kommunar og fylkeskommunar.

Fjellnettverket la vekt på at i fjellområda arbeidast det for å ta i mot gjester og vere eit godt vertskap, legge til rette for berekraftig besøksforvaltning og ta omsyn til naturen.

Mange fjellkommunar vil gjerne ha fleire tilreisande, men det må skje på lokalsamfunnet sine premissar. Dei som kjem som turistar til landet vårt vil først og fremst møte eit eller fleire lokalsamfunn, difor er det så viktig at marknadsføringa frå Visit Norway kjenner til, tilpassar og forstår behova lokalt.

Kampanjen vart stoppa av Innovasjon Norge:
[Kraftige protestar mot reklamekampanje for å lokka friluftslivturistar til Noreg – NRK Vestland](#)



OPPSKRIFT PÅ MEIR LOKALMAT OG DRIKKE

Regjeringa lanserte i januar eit nytt omsetningsmål for lokalmat- og drikke; 25 milliardar kroner innan 2035.

I samband med dette bad dei om innspel til korleis dette kunne gjennomførast, og dei ynskte å få innspel til kva ei oppskrift på meir lokalmat bør innehalde.

Fjellnettverket la i sitt svar vekt på at me støttar regjeringa i arbeidet for å auke bruken av lokalmat.

Fjellnettverket meinte ei oppskrift for auka bruk av lokalmat bør innehalde konkret politikk på følgjande område:

- Offentlege innkjøp
- Styrke inntektsutviklinga til bøndene
- Auka samarbeid på tvers av dalføre og fylkesgrenser
- Styrke samanhengen mellom matproduksjon, lokalmat og reiseliv
- Nødvendige økonomiske verkemiddel for å kunne finansiere arbeid med lokalmat kopla til reiseliv, landbruk og anna

Lenke til sak på nettsida til Fjellnettverket: [Fjellnettverket med innspel til Oppskrift for meir lokalmat](#)

STATENS NATURSKADE- ERSTATNINGSSORDNING

På bakgrunn av innspel frå medlemmer har Fjellnettverket teke opp saksbehandlingstid og utfordringar knytt til statens naturskadeerstatningsordning i møte med Landbruksdirektoratet.

Fjellnettverket tok opp at det er stor utfordring med lang saksbehandlingstid for statens naturskadeordning. Det er Landbruksdirektoratet som forvaltar og har ansvar for ordninga. Etter fleire store naturskader etter blant anna flaum er erfaringa frå fjellområda er at det er mange som ventar svært lenge på å få svar på søknader om erstatning.

Lang saksbehandling får store konsekvensar for fjellandbruket og andre næringar i våre område, og ikkje minst for enkeltpersonar.



Dagleg leiar Fjellnettverket Kari Randen, direktør Eli Reistad i Landbruksdirektoratet og styreleiar Fjellnettverket Tine Norman



NORSK SETERKULTUR PÅ UNESCO'S VERDENSARVLISTE

I dag er det under 900 aktive setrer i drift, og dei fleste av desse hører heime i fjellområda. Fjellnettverket ynskjer å bidra til å styrke seterdrifta.

Norsk seterkultur har i fleire år arbeidd med å få seterkultur inn på UNESCO-lista for immateriell kulturarv. Det vart utarbeidd ein prosjektplan for prosjektet som fekk tittelen En bærekraftig norsk seterkultur - på UNESCOs representative liste for immateriell kulturarv, og ein søknad til UNESCO. Fjellnettverket var med i arbeidet som deltakar i ressursgruppa. UNESCO innvilga søknaden i 2024.

FJELLNETTVERKET SKAL FORMIDLE KUNNSKAP OM FJELLOMRÅDA

Kunnskap om utfordringar og mogelegheiter i fjellbygdene er grunnlaget for god politikk. I tett samarbeid med fagmiljø og andre organisasjonar skal Fjellnettverket bidra til kunnskap om utviklinga i fjellbygdene.


20

15

10

5

0





FJELLINDEKSEN

I samarbeid med Fjell-Forsk-Nett vart det i 2017 starta eit utviklingsarbeid for å lage ein felles indeks for fjellkommunane. Målet er at fjellindeksen skal gje eit grunnlag for vidare kunnskapsutvikling om fjellområda, og gje kunnskap som kan vere grunnlag for ny politikk.

I 2024 vart indeksen oppdatert fleire gonger med nye tal. Indeksen brukar tilgjengelege data og stiller desse saman for fjellkommunane samla og enkeltvis. Fjellindeksen viser mellom anna næringsutvikling, sysselsetting og befolkningsutvikling i fjellområda for kvar enkelt fjellkommune og for fjellområda samla. Fjellindeksen blir brukt både av medlemmane og i arbeidet til Fjellnettverket.

Det er Telemarksforsking som har utvikla indeksen, og han er tilgjengeleg for medlemmene på www.regionalanalyse.no/fjell



KONFERANSAR OG FAGDAGAR

Rådsmøte i Fjellnettverket

Møtet vart gjennomført 19. februar 2024. I tillegg til å handsame årsrapport, handlingsplan, rekneskap og budsjett, vart det vald nytt styre i Fjellnettverket.

Fjellkonferansen Ei berekraftig framtid

I september 2024 møttest 120 politikarar, administrasjon og næringsliv på Fjellkonferansen for å diskutere «Ei god framtid for fjellbygdene». Konferansen, arrangert av Fjellnettverket i samarbeid med Innlandet fylkeskommune, Ringebu kommune og Midt-Gudbrandsdal IPR, kombinerte fagleg innhald, bedriftsbesøk og nettverksbygging. Deltakarane gav svært gode tilbakemeldingar.

Jeg mener oppriktig at dette er den konferansen jeg har vært på med størst faglig utbytte, i tillegg til stor nytte gjennom nettverksbygging! Meget høyt nivå på foredragene

Tilbakemelding frå evaluering av Fjellkonferansen 2024

Digitalisering og nye mogelegheiter for fjellbygdene

Island delte erfaringar med fjernarbeid for statlege arbeidsplassar, noko som gir fleire søkerar og individuell fridom. Eldrid Rudland frå Skåppå presenterte korleis dei arbeider med åtte kontorstader i Gudbrandsdalen.

Pål Rørby frå Hemsedal delte erfaringar med kunstig intelligens for å hjelpe unge inn i arbeidslivet. Green Flyway viste korleis dronar kan brukast i kommunale leveransar.

Arbeidsgjevaren er over tre timer unna, men Amund pendlar i ti minutt

Fjernarbeid kan gjere distriktskommunane meir tiltrekkande, slik som dei har blitt på Island.



HEIME: Amund Grytting ser ut over heimekjær natur i Gudbrandsdalen.

FOTO: BJØRNAR MORENNING / NRK

Bjørnar Morennning
Journalist

Vi rapporterer frå Spidsbergseter

Publisert 13. sep. 2024 kl. 15:45

Reportasje i NRK frå Fjellkonferansen og erfaringane frå Island.

Få folk til å kome og folk til å bli

Forskar Nils Aarsæther frå Universitetet i Tromsø peikte på utfordringar med å skaffe arbeidskraft i fjellkommunane. Innflyttarar delte sine erfaringar med å flytte til ei fjellbygd. Podcasten Hælt Ækte x næringsliv i Gudbrandsdalen fokuserte på kortreist kompetanse. Janne H. Schjølberg snakka om rekruttering i distriktskommunar.

Bruk og vern - arealbruk i fjellet

Kari Hanne Klynderud Sundfør presenterte ein rapport om klimavennleg stadutvikling i hyttekommunar. Lise-Berith Lian frå Hardangerviddarådet og Nordfjellarådet snakka om berekraftige turar og opplevelingar.

Korleis skal me arbeide for framtida?

Skurdalen i Hol kommune har lukkast med eit tilflyttungsprosjekt på dugnad, og Vinje kommune har etablert ein Vinjelos for å ta godt imot nye innbyggjarar. Kjell Overvåg frå RURALPLAN understreka viktigheita av å ta demografiske utfordringar på alvor.

Konferansen vart avslutta med Tine Norman som presenterte tiltak for å auke tilflyttinga til fjellområda.



WEBINAR

I løpet av året er det arrangert tre webinar. Dei to fyrtre handla om mogelegheiter for dyrking av frukt, bær, potet og grønsaker, nye produksjonsmåtar og jordhelse. Temaet for det siste webinaret var sal og salskanalar. Foredragshaldarar var produsentar frå fjellområda, matfagleg personell og forskarar frå Nibio (Norsk institutt for bioøkonomi) og Universitetet i Oslo.

Webinara hadde god deltagning. Dei vart arrangerte i samarbeid med Nasjonalt senter for Fjellandbruk og prosjektet «Kartlegging av mogelegheiter for frukt- og bærproduksjon i fjellandbruket». Webinara retta seg spesielt mot produsentar i fjellområda.



ERFARINGSSAMLING PROSJEKTET “MAT OG OPPLEVINGAR I FJELLET”

For å dele erfaringar og resultat frå arbeidet med prosjektet «Mat og opplevingar i fjellet» vart det invitert til erfaringssamling.

Dagleg leiar i Fjellnettverket la fram resultat frå arbeidet med prosjektet, og det vart gjennomført ein arbeidsverkstad for å hente innspel til det vidare arbeidet med Bondens bord.

Óli Rubeksen frå Færøyane var invitert til å halde innlegg. Han og kona har vore sentrale i arbeidet med Heimablidni (kommersiell matservering heime) på Færøyane. Undervegs i prosjektperioden har dei bidratt med verdifulle erfaringar og kunnskap til prosjektleiinga. Óli snakka om erfaringar frå og potensialet med Heimablidni.

Tina Mestrands frå Mestrands gard hadde innlegg om erfaringar og inntektsmogelegeheter med Bondens Bord, og Knut Foss gard, reiselivsrådgjevar i Buskerud fylkeskommune, hadde innlegg om Bondens bord og reiselivet i Noreg.

Samlinga var open for alle. Styret i Fjellnettverket, styringsgruppa for prosjektet, fylkeskommunane, statsforvaltaren, Innovasjon Noreg og produsentar av mat og opplevingar i fjellet var spesielt inviterte til å delta på samlinga.



MØTE MED MEDLEMMAR OG ANDRE:

Fjellnettverket har i 2024 presentert arbeidet til Fjellnettverket og fjellindeksen på ei rekke møte:

- Regionrådet i Hallingdal,
- Lillehammer-regionen
- Trøndelag Sør IPR
- Hardanger gastronomiske symposium
- Utval for næring og innovasjon i Buskerud fylkeskommune
- Gards- og stølsnettverket i Valdres
- Samarbeidsmøte med matkontaktar hos Statsforvaltaren i Telemark, Buskerud og Innlandet
- Strategimøte med Innlandet, Buskerud og Telemark fylkeskommunar,
- Gardsgründersamling Buskerud Næringshage
- Inspirasjonssamling Buskerud bygdekvinneklag
- Samhandlingsmøte for landbruksbasert reiseliv i fjell-Telemark
- Kommunal- og distriktsminister Erling Sande

FJELLNETTVERKET SKAL VERE EIN AKTIV DELTAKAR I INTERNASJONALT SAMARBEID

Fjellnettverket samarbeider med Euromontana. Målet med samarbeidet er å påverke politikk som i stadig aukande grad blir utvikla på dei internasjonale arenaene.



EUROMONTANA

Gjennom samarbeid med den europeiske organisasjonen Euromontana har Fjellnettverket eit breitt nettverk ut mot Europa. Fjellnettverket koordinerer fellessaker i Noreg, og har kontakt med styremedlemmane i Euromontana og dei administrative følgjerepresentantane. Dei norske styremedlemmane i Euromontana har observatørstatus i styremøta i Fjellnettverket. Dette for å sikre god kontinuitet og samanheng i arbeidet mellom Fjellnettverket og Euromontana.

Fjellnettverket har i 2024 koordinert val av nye styremedlemmer frå dei norske medlemmane. Det er Hanne Alstrup Velure, Innlandet fylkeskommune, Anne Kristine Norman, Buskerud fylkeskommune og Kjell Overvåg, Universitetet i Innlandet, som representerer dei norske medlemmane i Euromontana.

I Euromontana blir det arbeidd med å representere fjellsamfunn gjennom regelmessig kontakt med europeiske institusjonar, regjerings og tverrnasjonale organisasjonar som forvaltar av fjellområda.

Fjellnettverket deltok i 2024 på konferansen XIII European Mountain Convention "Shaping the future of mountaineconomies".



Dei norske styremedlemmene i Euromonta:
Kjell Overvåg, Tine Norman og Hanne Alstrup Velure

FJELLNEDDVERKET KAN IVERKSETTE EIGNE PROSJEKT OG TILTAK

Fjellnettverket har engasjert seg i saker i regional og nasjonal politikk som er viktige for fjellområda og medlemmane. I løpet av året har Fjellnettverket arbeidd med ulike saker for å fremje fjellområda sine interesser.





ARBEID FOR TILFLYTTING

I 2024 har styret i Fjellnettverket arbeidd med å auke tilflyttinga til fjellområda. For å sikre levande og livskraftige fjellbygder, er det avgjerande med eit stabilt eller aukande folketal.

Fjellområda står ovanfor store demografiutfordringar. Noko som vil føre til auka etterspurnad etter arbeidskraft dei kommande åra. For å oppretthalde folketalet, må fjellbygdene nå ut til tilbakeflytterar og nye målgrupper.

«Den mest grunnleggende utfordringen er imidlertid om, og i så fall hvordan, vi kan få flere unge mennesker med bakgrunn fra sentrale strøk til å bosette seg i distriktene.»
(Demografiutvalet).

I 2024 har Fjellnettverket gjennomgått eksisterande forsking på tilflytting. Gjennomgangen viser at forskinga i stor grad vore oppteken av bustader og arbeidsplassar, men nyare kunnskap viser at det er behov for sjå på andre element av avgjerda når ein skal foreta store livsval, slik som flytting. Det er difor nødvendig med meir kunnskap.

Som første del av arbeidet har Fjellnettverket starta forsking på flyttemotiv i samarbeid med prosjektet bu- og blilyst i Hallingdal (Hallingdal regionråd). Det er Universitet i Innlandet/Østlandsforskning som har oppdraget med å intervju tilflytterar frå sentrale strøk til fjellområda. Resltata frå undersøkinga blir publisert på Fjellkonferansen 2025 – 21.- og 22. august i Hemsedal.

For å få til ei vidareføring og meir finansiering av arbeidet, har det vore arbeidd opp mot Euromontana og andre europeiske aktørar for å få til samarbeid med andre europeiske fjellområde, samt finansiering gjennom EU-program.

Fjellnettverket sitt arbeid for tilflytting har blitt presentert i fleire samanhengar, blant anna på Fjellkonferansen 2024, for kommunal- og distriktsminister Erling Sande og for representantar på Stortinget.

Fjellnettverket har i 2024 starta med å sette i gang ei kunnskapsinnhenting i samarbeid med Hallingdal regionråd, og teke initiativ til å få i gang eit større arbeid i samarbeid med andre europeiske fjellområde.



MAT OG OPPLEVINGAR I FJELLET

Prosjektet «Mat og opplevingar i fjellet» vart avslutta ved årsslutt i 2024, og har vore ei treårig satsing for å auke verdiskapinga for gardsbruk i fjellområda i Telemark, Buskerud og Innlandet. Prosjektet har vore finansiert av fylkeskommunane i Innlandet, Telemark og Buskerud, i tillegg til støtte frå Statsforvaltarane i Telemark og Vestfold, Innlandet, Trøndelag og Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus.

I løpet av prosjektpersonen vart det arbeidd med tre ulike delprosjekt;

- **Fjellkraft:** som handlar om å auke kunnskapen om berekraftig bruk av lokale ressursar i landbruk og reiseliv.
- **Fjellmat og fjelltur:** som handlar om nyskaping og verdiskaping for verksemder i fjellområda
- **Bondens bord:** som handlar om å teste ut matservering i bondens eige kjøken eller stove på gardsbruk i fjellområda.

Delprosjektet Fjellkraft handlar om at reiselivet og landbruket i fjellområda bygger på bruk av natur og dei ressursane som er tilgjengelege i fjellet. For å ha eit godt grunnlag for utvikling av fjellområda, har Nibio har på oppdrag av Fjellnettverket utarbeida rapporten «Mat og reiseliv – berekraftig bruk av lokale ressursar i landbruk og reiseliv». Rapporten ser på korleis reiseliv og matproduksjon i fjellet påverkar berekraft og klima. Arbeidet med delprosjektet vart i hovudsak avslutta i 2022 og resultata ligg til grunn for arbeidet i dei to andre delprosjekta.

[Lenke til meir informasjon om berekraft i fjellet og rapporten «Mat og opplevingar i fjellet – berekraftig bruk av lokale ressursar i landbruk og reiseliv»](#)

Sentralt i arbeidet med delprosjektet «Fjellmat og fjelltur» har vore møteplassar, læringsarenaer og kompetansedelingsarenaer der verksemder frå fjellområda, politikarar, forskarar og verkemiddelapparatet møtest. Prosjektet har gode erfaringar med både digitale og fysiske møteplassar.

I løpet av siste prosjektår vart det arrangert webinar og erfarringskonferanse, der målet har vore å auke kompetansen og dele erfaringar. I tillegg vart produsentar av mat og opplevingar i fjellområda inviterte til å delta på Fjellkonferansen.



Delprosjektet «Bondens bord» handlar om å teste ut den færøyske serveringsordninga «Heimablidni». «Heimablidni» har eksistert på Færøyane i lang tid, og både gardsbruks som er med i ordninga og Visit Færøyane ser ordninga som svært positiv for reiselivet og som ei tilleggsnærings for landbruket.

Bondens bord er eit heilt nytt konsept i Noreg der bønder tilbyr matservering på garden. Undervegs i prosjektet vart det rekruttert 21 gardsbruk som gjennom tett oppfølging har jobba for å opne gardsbruks sine for tilreisande og lokalbefolkning. Dei tilbyr matservering basert på eigne produkt og formidlar historier knytt til gardsbruk, matproduksjon og lokal kultur.

Erfaringa så langt er at dette er eit etterspurt produkt av tilreisande og lokale, det gir auka inntekter til bonden og det er eit berekraftig tilbod som styrkar reiselivet i regionen.

BONDENS BORD



Tilbakemeldinga frå besøkande er svært gode og bøndene sjølv melder om at dei gjennom dette kan bruke gardens ressursar og auke inntektene, utan store investeringar.

Det å etablere ei heilt ny form for serveringsordning i fjellområda har vore eit arbeid i utvikling. Bøndene som skulle etablere seg som Bondens bord, måtte gjennom ulike krav frå mellom anna mattilsynet, kommunen og dei er kvalitetssikra av Fjellnettverket. Dei måtte marknadsføre tilbodet og servere mat av god kvalitet. Gjennom kursing og støtte undervegs, har fleire av deltakarane starta opp med servering frå eige gardsbruk, men potensiale for vidare arbeid og utvikling av Bondens bord stort.



I fjellområda er det behov for meir inntekter til landbruket, for å hindre nedlegging og fråflytting. I reiselivet er det behov for lokale, unike opplevingar. Fjellnettverket meiner Bondens bord kan vere med å styrke begge næringane i fjellområda.

Fjellnettverket ynskjer difor å vidareføre satsinga på Bondens bord i eit nytt toårleg prosjekt der det jobbast vidare med å utvikle konseptet, får med fleire bønder til å opne matservering og har som mål å etablere eit bedriftsnettverk (finansiert av Innovasjon Noreg) ved avslutting av prosjektet.

Bondens bord er eit verkemiddel for å nå både nasjonale og regionale mål.




BONDENS BORD



Dei som har vore med i prøveordninga er:

- Storeggen gård (Tynset kommune, Innlandet)
- Søre Brøstrud gård (Nore og Uvdal kommune, Buskerud)
- Gurostolen (Hol kommune, Buskerud)
- Nerol gard (Hol kommune, Buskerud)
- Nordre Espeset gård (Nesbyen kommune, Buskerud)
- Stordalen Gardsbruk (Tinn kommune, Telemark)
- Brekke gård (Notodden kommune, Telemark)
- Mestrand gard (Vågå kommune, Innlandet)
- Nørrestogo og Olestølen (Øystre Slidre kommune, Innlandet)
- Steig Gard (Sør-Fron kommune, Innlandet)
- Breie gard (Etnedal kommune, Innlandet)
- Toen gård (Flesberg kommune, Buskerud)
- Heggerud gård (Sør-Fron kommune, Innlandet)
- Skålqid nigard (Fyresdal kommune, Telemark)
- Søre Hovde, (Dovre kommune, Innlandet)
- Garden Oppheim (Ål kommune, Buskerud)
- Vigelfarmen (Røros kommune, Innlandet)
- Rudland gard (Sør-Fron kommune, Innlandet)
- Berghei Gård (Tinn kommune, Telemark)
- Tjønnås Økogård (Hjartdal kommune, Telemark)
- Havrevollen, Egerdal kommune, Innlandet



KONTAKTINFORMASJON

Besøksadresse: Vesleslåttvegen 13,
3580 Geilo

Postadresse: Buskerud fylkeskommune,
Postboks 3563, 3007 Drammen

Nettside: www.fjellnettverket.no

FOTOKREDITERING

s. 1, 2, 4, 5, 11, 12, 13, 16, 20, 23, 25, 26,
28, 29, 31, 32, 33, 34, 35: Emile Holba/
[@emileholbaphoto](https://www.instagram.com/emileholbaphoto).

s. 3, 14: Kari Randen

s. 15, 24: Elin Halland Simensen

s. 21: Paul Lockhart

s. 30 Tun Byrå



FJELLNETTVERKET

